



Inger Marie Myking
Ådlandsvegen 617
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3378 - 22/91796

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
30.11.2022

Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedommen din – varsel om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 339/46

Tiltak: Manglande dykk i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 339/46
Grunneigar: Inger Marie Myking

Viser til vårt brev av 11.07.2022 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert manglande dykk på utløpet av septiktanken på eigedommen din, med adresse Ådlandsvegen 617. Frist for utbetring av tanken var **01.10.2022**.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å rette opp avviket på tanken slik at den tilfredstiller dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn de informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve»*.

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for foreininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når avviket er utbetra.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 31.01.2023** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at det vert sett inn dykk på utløpet i septiktanken din.

Med heimel i forureiningslova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsanlegget ikkje er utbetra **innan 31.01.2023**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 31.01.2023**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttalaretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inger Marie Myking

Ådlandsvegen 617

5919

Frekhaug